

*Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet ved Surnadal barne- og ungdomsskule
vedrørande forslag til endring av skulestrukturen i Surnadal kommune*

Mykje har allereie vore sagt om dette temaet, mykje som er både relevant og opplysende for denne saka. Likevel opplever fleire at ein i liten grad lyttar lite til fagfolka som allereie står i dette og kjem til å stå i dette kvar dag, og at ein har enkelt for å avfeie fleire argument som at vi er veldig negative, eller at «dette skal vi finne ei løysing på etter kvart». Det er bra å vere løysingsorienterte, men vi skulle gjerne sett at konkrete løysingar og tiltak har kome på bordet før irreversible vedtak blir fatta. Vi vil no bruke vår moglegheit til å uttale oss om korleis det allereie er her på Surnadal barne- og ungdomsskule, og kva slags utfordringar vi ser med forslaga som er fremma.

Vi kjem ikkje unna det faktum at skulen allereie er for liten på noverande tidspunkt. Ungdomstrinnet har fått mindre plass enn dei hadde før samanslåinga, og nokre av klasseromma er så små at ein må rullere i året (for å fordele byrden mellom klassane å ha eit for lite eller for dårleg klasserom). I tillegg blir eit spesialrom no brukt som klasserom, eit rom som er lite eigna som permanent klasserom av fleire grunnar, noko vi kjem tilbake til seinare. På ungdomstrinnet er det og få og små fellesareal for elevane, noko som får konsekvensar for det psykososiale miljøet. Barnetrinnet har og for lite plass. Det er ikkje plass til fleire elevar i garderobane, både på grunn av mangelen på knaggar og skap (og det er heller ikkje plass til å setje opp fleire), og at det blir for trangt når alle skal ut og inn samtidig. Det er heller ikkje nok toalett dersom det skulle kome fleire elevar. Denne kapasiteten er med andre ord allereie sprengt, og det kjem berre til å bli kaotisk og meir uoversiktleg enn det allereie er. Mange av klasseromma har heller ikkje plass til dei elevtala som er skisserte, og da må ein bruke fleire rom per trinn enn ein allereie gjer. Det er og for få og for små grupperom allereie i dag. Da må ein kanskje bruke av læraromma for å få fleire rom. Kor skal ein lærar sitje for å førebu seg til undervisning og gjere etterarbeid, noko ein må få gjort for å sikre god og lærerik undervisning? Om ein tenkjer å bruke av biblioteket og dermed innskrenke dette tilbodet, kjem ein da til å gå imot Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet sin strategi «Sammen om

lesing – Leselyststrategien 2024-2030»¹, der det står eksplisitt at ein skal satse på skulebiblioteka, ikkje svekke dei. I tillegg er fleire av klasseromma så små at det er vanskeleg å drive variert og kreativ undervisning, noko som ein gjerne vil, for å prøve å engasjere elevane på ulikt vis og stimulere til læring på fleire måtar. Mangelen på og storleiken på grupperom er også med på å gjere dette utfordrande.

I tillegg til for små klasserom, opplever ein ofte, særleg på småtrinnet, å vere åleine som pedagog i klasserommet. Dette gjeld både i små og større grupper. Når vi i tillegg har lese i Tidens Krav at ein kanskje kjem til å måtte kutte i lærarstillingar², kjem det til å bli vanskeleg å få dekt behovet med pedagogar på trinn som er større enn på noverande tidspunkt. Mange som skal starte på skulen kjem nok og til å oppleve så mange elevar på eit så lite område som overveldande og utrygt. Opplæringslova §4-7 slår fast at kommunen skal sørge for at alle barn får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Kjem alle elevane i kommunen til å få det med dei forslaga som no er på bordet? I tillegg kjem det til å bli mange fleire elevar som må vente på «seinbussen» for å kome seg heim. Dagens ordning med «bussvent» er langt frå optimal, sjølv med berre eit fåtal elevar. Korleis har ein tenkt å løyse dette på ein god måte for alle involverte? Kor mykje ressursar kjem ein til å trenge for å dekke opp med fleire vaksne på «bussvent» for alle elevane som må vente frå 13:40 til neste buss går? Vi veit at det ikkje blir sparing på buss slik det er foreslått no, og det er utan desse utfordringane som blir nemnd her.

For å understreke kor problematisk det allereie er med romsituasjonen på SUBUS, blir spesialrom som er laga for kunst og handverk brukt som klasserom. Det vart lagt fram som ei midlertidig løysing, men har vorte permanent. På dette rommet har det, i løpet av dei første vekene av september 2025, vore målt temperaturar rundt og over 30 grader. Dette gjer det vanskeleg for både elevar og lærarar å konsentrere seg og å vere i rommet over tid. Arbeidstilsynet tilrår at ein skal unngå temperaturar over 26 grader i ein arbeidssituasjon. På det same rommet er det og utfordrande å halde temperaturen oppe om vinteren. Ventilasjonen er for dårleg, og dette gjeld fleire rom på huset. Om

¹ Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet: Sammen om lesing - Leselyststrategien 2024-2030 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/sammen-om-lesing.-leselyststrategien-2024-2030/id3040859/?ch=1>

² Frå Tidens Krav, 10.06.2025: <https://www.tk.no/dersom-skoler-legges-ned-oppsigelser-ikke-til-a-unnga/s/5-51-1698895?>

kommuneleiinga ønskjer å framheve at det med temperaturar berre er ei tilråding, ikkje eit krav, skal dei gjerne få kome og ha ei heil arbeidsveke i desse lokala sjølve. Men kor skal da klassen som er der no vere? Dette understrekar det at vi ikkje har rom nok til alle, sjølv på noverande tidspunkt. Eit godt eigna musikkrom har vi heller ikkje. Dette går tydeleg imot ei nasjonal satsing på praktiske fag, som det står om i Stortingsmelding 34 – «En mer praktisk skole – Betre læring, motivasjon og trivsel på 5.-10. trinn.»³.

Det har vore nemnd som eit «kompenserande tiltak» at eitt eller fleire trinn kan flyttast over til «gulbygget» på gamle Øye. Dette ser vi på som ei utfordring. Det kjem til å gå utover det psykososiale miljøet (for både elevar og tilsette) at nokon få kjem til å vere langt frå dei andre, medan vi samtidig skal prøve å vere ein kombinert skule med ein felles profil. Det blir og utfordrande for leiinga på skulen å organisere både timeplanar og tilsynsplan med tilsette som er spreidd over eit større område og fleire bygg. Det står at dette tiltaket er vurdert som «overkommeleg med tanke på eventuelle negative psykososiale konsekvensar» å gjere dette. Skal «overkommeleg» verkeleg vere bra nok? I tillegg er kommunen godt kjend med ulike utfordringar i dette gamle bygget, og vi reknar derfor med at ein må restaurere og forbetre dette området i stor grad, slik at det blir forsvarleg å jobbe i dette bygget. Ei slik forbetring kjem til å koste ein del. Dette meiner vi ikkje kjem tydeleg nok fram i utrekningane som er gjort så langt, og vi ser derfor ikkje på det som eit særleg godt sparetiltak. Når det i tillegg heller ikkje er gode faglege argument for dette, ser vi på dette som eit dårleg og lite berekraftig forslag.

Trafikksituasjonen på Øye-området er allereie kaotisk og tidvis farleg. Det er dårleg plass og lite lagt til rette for den trafikken som allereie er på området. Mange foreldre vel og å køyre ungane sine til skulen, da prisane for buss er høge. Denne køyringa gjeld særleg elevar på barnetrinnet, og om det kjem fleire elevar på barnetrinnet, vil trafikken auke i takt med talet på elevar. I tillegg kjem det ofte tungtransport for å levere varer inn på området – rett inn på området som er meint for at elevar på mellomtrinnet skal leike og opphalde seg i friminutta. Om ein skal ha både fleire elevar og kanskje fleire som køyrer ungane sine inn på området, seier det seg sjølv at det blir enno meir kaotisk og farleg. Kor

³ Kunnskapsdepartementet: Meld. St. 34 (2023–2024) En mer praktisk skole. Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-34-20232024/id3052898/>

mykje kjem det til å koste å forbetre området for å gjere det tryggare for alle partar? Det kjem ikkje fram på noverande tidspunkt.

Elevane har, ifølge Opplæringslova §2-6, rett til å gå på ein skule i nærmiljøet sitt. Om skulane blir nedlagte, er det veldig mange som faktisk ikkje får oppfylt denne retten sin. Kommuneleiinga vil nok hevde at det likevel er snakk om nærmiljøet sjølv om det ikkje blir like nære som før, men ein vil ikkje oppleve det slik i praksis, med lang reiseveg og lang ventetid for å i det heile tatt kunne ta bussen heim. Vi meiner at ei nedlegging som både aukar reiseveg og samtidig svekker eit lokalt skulesamfunn, står svakt samanlikna mot §2-6. I same paragraf står det og at «kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane». I dette tilfelle kjem ein nettopp til å sjå bort frå både trafikktilhøve og kapasitet ved Surnadal barne- og ungdomsskule. Som allereie nemnd, er trafikksituasjonen og kapasiteten allereie eit stort problem, og det blir ikkje betre slik det no er tenkt. Å sjå bort frå veldig langt frå «å ta omsyn til». Vidare står det, i Opplæringslova §10-1, tydeleg at «handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven, vere eit grunnleggjande omsyn.» Dette meiner vi ikkje er gjort tydeleg nok greie for på noverande tidspunkt. Korleis er dei ulike forslaga faktisk til elevens beste? Vi ber om ei grundig vurdering og forklaring på korleis dette er tenkt, samt ei betre utgreiing på korleis ein skal «bøte på» auka reiseveg og mindre fritid, i tråd med §2-6 i Opplæringslova.

Det har vore skrive om at elevar frå ulike barneskular i kommunen har flytta over til SUBUS før ungdomstrinnet. Det gjeld i nokre tilfelle, og det er fint at det er ein moglegheit for å kunne gjere dette i enkelttilfelle der det har vore behov for det. Det som ikkje kjem like tydeleg fram, er at det kan vere fleire og samansette grunnar til at ein elev og føresette kanskje vel å byte skule. I enkelte tilfelle kan det handle om mobbing. Da synest vi det er veldig uheldig om desse elevane skulle bli sett saman i same klasse igjen etter kort tid. I tillegg kan det vere andre grunnar, som buforhold og liknande, som gjer at enkelte vel å sende ungane sine til SUBUS. Ein enkel statistikk får sjeldan fram heile situasjonsbiletet, og vi opplever det som uheldig at det blir brukt som eit argument for skulenedlegging, når det faktisk gjeld såpass få i det store biletet.

Ein kan lese i høyringsdokumentet at «Dersom forslaget til strukturendringar blir vedteke vil kommunen ha nok kompetanse på lærarsida på grunn av noko overtalligheit. Om saka

går vidare til høyring og ny behandling i kommunestyret vil det bli gjort ei grundig utredning omkring årsverk og eventuelle rekrutteringsbehov.» Vi saknar at det er meir tydeleg og ope kva som vil skje med stillingane til godt kvalifiserte pedagogar i kommunen ved ei eventuell nedlegging og samanslåing. Kva kjem desse sparetiltaka faktisk til å innebere for personalet ved SUBUS? I juni 2025 vart det (i Tidens Krav) nemnd at ein kanskje må seie opp folk, men dette har det vore lite og dårleg kommunikasjon rundt elles. Eller er det hovudsakeleg tal om å ikkje forlenge vikariat, sjølv om det kanskje trengst, eller ikkje tilsette nye? Dette kjem til å føre til færre moglegheiter for unge og nyutdanna som kanskje vil flytte heim for å etablere seg her. Er det slik ein skal lage ein skule for framtida?

Det er rett og slett ikkje godt nok å «sjå an» eller tenke at «dette skal vi finne ut av» før ein set i gong eit irreversibelt vedtak som kjem til å treffe så mange – både barn og vaksne. Slik vi ser det, kjem desse endringane til å føre til forbruk, ikkje nødvendigvis sparing, og konsekvensar ein ikkje kan setje ein prislapp på. Er det forsvarleg å leggje ned skular når det er usikkert kor mykje ein faktisk sparar på dette? Det er for mange faktorar som ikkje er rekna på eller medrekna, og vi meiner at å ta eit så drastisk val på noverande tidspunkt, kan få konsekvensar som ein ikkje er klar over eller kan finne ut av før det er for seint og umogleg å snu.

Utdanningsforbundet ved Surnadal barne- og ungdomsskule

Ingrid Ranes, arbeidsplassstillitsvald